



**Konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø ved
utbygging av
Dalbygda vindkraftverk, Tysvær kommune.**

FORORD

Rapporten er utarbeidd for Dalbygda Vindkraftverk i samband med konsesjonssøknad. Program for konsekvensutgreiinga er fastsett av NVE (brev datert 14.juni 2012 /ref.201103633-29ke/hiaa).

Programmet fastset følgjande:

- *Kjente automatisk fredete kulturminner / kulturmiljø, vedtaksfredete kultruminner og nyere tids kulturminner og kulturmiljøer innenfor planområdet og nærliggende områder skal beskrives og vises på kart. Kulturminnenes og kulturmiljøenes verdi skal vurderes og det skal utarbeides et verdikart. Potensialet for funn av automatisk fredete kulturminner skal vurderes og delområder med størst potensial for funn skal vises på kart.*
- *Direkte og visuelle virkninger av tiltaket for kulturminner og kulturmiljø skal beskrives og vurderes.*
- *Det skal redegjøres kort for hvordan virkninger for kulturminner kan unngås ved plantilpasninger.*

Plan Vest 28.01.2013

Forside: Fotomontasje av EMD International A/S.

Rapport nr.	S12855-1	Dato	28.01.2013
Prosjektnamn	Dalbygda Vindkraftverk – KU kulturminne	Prosj.nr.	S12855
Tittel	Konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø ved utbygging av Dalbygda Vindkraftverk		
Oppdragsgjevar	Dalbygda Kraftsenter as, Dalbygda, 5567 Skjoldastraumen		
Prosjekt - organisering	Plan Vest AS		
Referat	Rapporten omhandlar kulturminne i og omkring den planlagte Dalbygda vindkraftverk i Tysvær, med vurdering av verdi, omfang og konsekvens av tiltaket.		
Produsert av	Plan Vest AS avd. Stord Postboks 667 5404 Stord Tlf. 53 40 37 80 Mail: post@planvest.no Web: www.planvest.no		
Kontrollert av	Kari Hope		

Innhold

1.	INNLEIING	4
2.	OMTALE AV TILTAKET	4
3.	MATERIALE OG METODER.....	6
3.1.	Materiale	6
3.2.	Metoder.....	6
3.3.	Avgrensning av tiltaksområde og influensområde.....	7
4.	OMTALE AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I INFLUENSOMRÅDET	8
4.1.	Utbreiing av kulturminne i influensområdet.....	8
4.2.	Kulturminne innanfor område 1.....	10
4.3.	Kulturminne innanfor område 2.....	11
4.4.	Kulturminne innanfor område3	17
4.5.	Verdivurdering.....	23
5.	KONSEKVENSVURDERINGAR	24
5.1.	Vurdering av omfang	24
5.2.	Vurdering av konsekvens	26
5.3.	Forslag til avbøtande tiltak	27

1. INNLEIING

Formålet med rapporten er å synleggjere kva verknad den føreslåtte vindmølle-utbygginga vil ha for kulturminne og kulturmiljø i området. Rapporten omfattar både automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne.

Definisjon av kulturminne og kulturmiljø:

Kulturminnelova definerer kulturminne som alle spor etter menneskeleg virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyttar seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Kulturminne etter år 1537 er definert som *nyare tids kulturminne* og kan fredast igjennom ein fredningssak. *Samiske kulturminner* eldre enn 100 år er automatisk freda. Det samme gjeld *skipsfunn under vatn*.

2. OMTALE AV TILTAKET

Dalbygda Kraftsenter AS er eit privat selskap som har planar om utbygging av fleire vindmøller i eit fjellområde nordaust for Dalbygda i Skjoldastraumen, Tysvær Kommune. Fjellplatået der vindmøllene er tenkt plassert ligg frå 300 til 400 moh.

Lokaliseringa av tiltaket er bestemt av fleire faktorar:

- gode vindforhold og terrengtype eigna til denne type installasjon er det gjort registreringar og dokumentasjon på.
- grunneigarane er positive til tiltaket.
- Tysvær kommune er positive til planane, og planområdet er lagt inn i kommuneplanen som vindkraftområde.
- Området ligg midt mellom to høgspentlinjer, slik at transport av produsert energi ligg godt til rette.
- Ingen kjende drikkevasskjelder vert berørde.

Det er tenkt plassert 13 vindmøller i området, kvar med totalt 105 m høgd over bakken (jf. illustrasjon – figur 1¹).

Den gunstigaste transportveg frå næraste høvelege kai til anlegg er kartlagt, vurdert og fastsatt. Tiltakshavar har vurdert det slik at ein kan bruke eksisterande veg fram til ca. 2 km ifrå hovudanleggsområdet, der ny anleggsveg må prosjekterast og etablerast heilt fram.² Det er føresett at veg fram til vindparken skal ta av frå eksisterande veg ved Finnshus, og leggjast i lia langs sørsida av fjellmassivet, nordaust for tunet på Litlaskog og vidare nord for Finnshus.


¹ Henta frå Dalbygda Kraftsenter AS: Konesjonssøknad

² Jf. rapport om konesjonssøknad, som avklarar meir detaljerte forhold som angår lokalisering, tilkomstveg, intern vegar og arealbeslag.




Figur 1 Vindmøller

Det vil bli bygd ca 7,2 km ny veg inne i planområdet. Planlagt veg trasé er vist i kartet under. Vegen er ikkje prosjertert, og det er difor ikkje endeleg fastsett kvar denne vil gå i terrenget, og kor store terrenginngrep denne vil medføra. Vegen må byggjast etter forholdsvis høg standard, tilpassa transport av vindturbiner av kjent storleik. Krav til vegen er m.a. 5 m breidde og maks. stigning 12%. Det er også krav til minimum radius på vegkurvaturen.



Figur 2 Tiltaksområde inkludert areal for vegtrasé



Figur 3 Koordinatar for hovuddel av planområdet

3. MATERIALE OG METODER

3.1. Materiale

Planmateriale for tiltaket

Følgjande materiale danner grunnlag for vurdering av tiltakets omfang i høve til kulturminna:

- Melding om planlegging Dalbygda kraftsenter as Vindmøllepark (Mai 2011)
- Utkast til konsesjonssøknad, med kart over planlagte vindmøller.
- Synlighetskart frå EMD International as

Grunnlagsmateriale – kulturminne

Datagrunnlaget når det gjeld registrerte kulturminne byggjer primært på følgjande kjelder:

- Register over før-reformatriske kulturminne (Askeladden).
- Register over bygningar eldre enn (Sefrak).
- Kartdata og synfaringar

Det er og nytta andre skriftlege kjelder og lokalkjende sin kunnskap om området, samt egne synfaringar. Området vart synfare 06.09.12, saman med Øivind Hellerslien og Randi Iren Rettedal. Under synfaring i tiltaksområdet 28.11.12 deltok Leif Holgersen, som har lokalkunnskap om området.

Formålet med synfaringane var å studera kulturminna i høve til omgjevnadene, og gjera ei vurdering av ulike kulturminne og kulturmiljø, både innanfor planområdet, og i nærområdet kring dette. Synfaringer i planområdet er også utført for å for til ein viss grad å vurdere potensialet for uregistrerte, automatisk fredete kulturminner, ved visuelt søk etter synlege kulturminne og generelle landskapsbetraktningar. Tiltaksområdet er imidlertid så stort at synfaringane berre dekkar ein liten del av området. Synfaringane utgjer difor ikkje eit sikkert grunnlag for ein samla vurdering.

Ein tek difor atterhald om at det kan forekomma kulturminne innanfor - eller i nær tilknytning til - planområdet, som ikkje er blitt registrert.

3.2. Metoder

Konsekvensutgreiinga byggjer på ein gjennomgang av arkivmateriale, litteratur og andre data (jf. kap. 2.1), og det er ut frå dette gjort ei samla vurdering av tiltaket i forhold til kjente kulturminner.

Vurderingar av konsekvens er gjort etter modell frå Vegvesenets håndbok 140 for konsekvensvurdering ved utbygging av veganlegg.

Verdi

Det blir gjort ei verdivurdering av dei kulturminne som er registrert: liten – middels – stor verdi. Det ligg ikkje føre kulturminneplan i Tysvær kommune, med prioritering av kulturminne og kulturmiljø, men innhenta informasjon om kulturminna er nytta som grunnlag i verdivurderinga, saman med RA sin katalogisering.

Omfang

Det vert gjort greie for kva konkrete endringar ein ventar at tiltaket vil medføre for det enkelte kulturminne eller kulturmiljø, og om kulturminnet vert direkte eller indirekte berørt. Omfanget vert vurdert i høve til 0-alternativet som er dagens situasjon. Omfanget vert vurdert på ein 5-delt skala frå stort negativt til stort positivt.

Konsekvens

Konsekvensen er eit resultat av ei samanstilling av kulturminnet sin verdi og tiltakets omfang. Der kulturminnet ligg utanfor tiltaksområdet, blir konsekvensen for kulturminnet / kulturmiljøet basert på kva visuelle verknader tiltaket vil gje. For verdfulle og sentrale kulturmiljø kan det visuelle omfanget av eit nytt tiltak få negative konsekvensar.

3.3. Avgrensning av tiltaksområde og influensområde

Avgrensning av tiltaksområdet

Tiltaksområdet omfattar området der anleggsverksemd vil eller kan skje, dvs. område der vindmøller og tilhøyrande veganlegg skal plasserast. Dette omfattar:

- område for vindmøller (jf. koordinatfesta avgrensing i kap. 2),
- ny veg frå Finnshus/ Litlaskog til fjellområdet der vindparken skal koma
- utviding av eksisterande veg frå Finnshus til rv. 513.

Tiltaksområdet omfattar ei sone på kring 50m frå eksisterande veg, og ca 100 m frå planlagt vegtrase. Ettersom planlagt vegtrase ikkje er prosjektert, er det i avgrensinga teke høgde for at vegføringa kan bli noko endra.

Avgrensning av influensområdet

Influensområdet er det området som vert påverka av tiltaket. Dette kan vera direkte, fysisk verknad av tiltaket, eller indirekte visuell påverknad. Avgrensinga er nærare omtala i kap. 3.2.

Til grunn for avgrensing av influensområdet er m.a. nytta synleghetskart frå EMD International (sjå vedlegg) Kartet viser at vindmøllene i liten grad vil vera synlege i området aust for fjellpartiet. Dette området er difor ikkje teke med i influensområdet.


Konkret avgrensing vert vist i kap.4.1.

4. OMTALE AV KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I INFLUENSOMRÅDET

4.1. Utbreiing av kulturminne i influensområdet

Avgrensing i høve til synlighet


Influensområdet omfattar nærområdet til vindmølleparken, men vert avgrensa til det området som ligg innanfor synlighetsområdet for vindmøllene (jf. figur nedanfor). Synlighetskartet er utarbeidd av EDM International as, og viser kvar og kor mange vindmøller som er synlege i ulike området, innanfor 10 km avstand.



Figur 4 Synlighetskart frå EDM International as

Kartet viser at vindmøllene eller tilgrensande anlegg ikkje vil vera synleg for kulturminna aust for vindmølleområdet, og desse er difor ikkje medtekne i influensområdet. Mot vest vil heile vindmølleparken vera synleg i det meste av området.

Kartet nedanfor viser utbreiing av kulturminne registrert i Riksantikvaren sin database i nærområdet til vindmølleområdet. Tiltaksområdet er vist med raud, stipla strek. Gul strek (ellipse) viser korleis ein har valt å avgrensa influensområdet for tema *Kulturminne*. Områda i vest, utanfor den gule streken, ligg 3-4 km borte frå det sentrale vindmølleområdet, og vert ansett for å vera så fjerntliggjande i høve til vindmølleområdet at dei ikkje vert påverka av tiltaket. Innanfor det viste influensområdet vil synligheten vera svært varierende. Dette vert nærare vurdert i kap. 5.




Figur 5 Kart som viser tiltaks- og influensområde i høve til kulturminne og kulturmiljø.
Raud stipla strek= tiltaksområdet. Gul strek= omtrentleg avgrensing av Influensområde.

Innanfor influensområdet er det registrert fleire automatisk freda kulturminne og ein del SEFRAK-registrerte bygningar. Registrerte kulturminne innanfor influensområdet grupperer seg innanfor sjølve Dalbygda, i området vest for Skjoldastraumen, jf. kart (figur 5).

- Vi har ut frå dette definert 3 område for beskriving av kulturminner og kulturmiljø:
- Område 1 – Det sentrale tiltaksområdet (vindmølleområdet).
 - Område 2 – Dalbygda
 - Område 3 – Partiet langs Skjoldastraumen.

I figur 6 er dei 3 delområda vist, her er også tiltaksområdet vist med skravur. Tiltaksområdet omfattar både vindmølleområdet og området for vegframføring (jf. avgrensing i kap. 4). Område 1 og 2 omhandlar kulturminne som får fysisk kontakt med tiltaket, medan område 3 kun vil ha visuell kontakt med vindmølleområdet eller nytt veganlegg.

Beskrivinga i kap. 5.2, 5.3 og 5.4 vil gå nærare inn på i kva grad tiltaket påverkar det enkelte kulturminne og kulturmiljø, direkte eller indirekte.



Figur 6 Kart som viser inndeling av delområde for omtale av kulturminne og kulturmiljø. Skravert område makrerer tiltaksområdet.

4.2. Kulturminne innanfor område 1

Automatisk freda kulturminne i område 1

I den sentrale delen av tiltaksområdet, i fjellområdet mellom Rossanuten, Stølsåsen og Finnhuspikåsen, er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne. Det er heller ikkje registrert andre kulturminne i Riksantikvaren sin database.

Nyare tids kulturminne i område 1

Ein finn elles i øvre planområdet myrstrøk der ein i historisk tid har teke ut torv for å bruke til brensel. Denne vart frakta ned til gards med hest på ein gang- og hestesti. Denne stien er også del av ein gamal ferdselsveg som vart brukt om ein skulle austover til Vatsområdet. Stien har eit naturleg løp gjennom marka, men er enkelte stader forbetra med opplødd stein.



Figur 7 Myrområde i område 1

Potensiale for funn i område 1 (fjellområdet)

Tidlegare var bruk av utmarka til henting av fôr, torv o.a. vanleg. Sjølv om lokalkjende på garden Finnshus ikkje kjenner til at det har vore drive utslått i området, kan dette ha vore tilfelle i tidlegare tider, og det kan finnast restar etter slik verksemd i området (murar, rydningsøyser o.a.).

Fjellområde kan generelt sett ha spor etter jaktanordningar frå førhistorisk tid. For det aktuelle fjellpartiet er det i nyare tid først etter 1960 at det har vandra inn storvilt i området (hjort). Dette utelukkar likevel ikkje at det kan ha vore jaktbare dyr her i førhistorisk tid. Fjellpartiet aust for Dalbygda utgjer imidlertid eit lite, svært avgrensa område, der det ikkje har lege til rette for vandring av store dyreflokkar. Dette har truleg vore eit marginalt område for jakt, og ut frå dette ser ein det som lite truleg at ein kan finna spor etter dyregraver eller liknande i dette området.

4.3. Kulturminne innanfor område 2

Dalbygda – historisk utvikling

Dalbygda består av fleire gardar, der **Ikdal** vert ansett å vera den eldste, som dei andre gardane har utgått ifrå. Kring Ikdal ligg **Mehus** i sør, i nord **Munkhus**, og i aust **Litlaskog** (Øygarden) og **Finnshus**. Dalbygda grensar i sør til gardane Østenstad og Håland. Litlaskog og Finnshus grensar i aust til Vats. Garden Ikdal skriv seg tilbake til eldre jernalder. I grensa mot Mehus er det eit fornminnefelt med røyser og åkerreine (Lønningshaugane). Dette kan ha vore den første gardsdanninga i Dalbygda.³

Ifølge bygdeboka for Tysvær er alle dei andre gardane i Dalbygda frå høgmiddelalderen, dvs at alle var i drift før svartedauden. Etter Svartedauden har både Finnshus, Mehus og Øygarden (Litlaskog) lege øyde ikring 200 år. Frå 1500-talet har det vore samanhengande busetnad på alle gardane i Dalbygda.



Figur 8 Utsyn nordaustover frå Ikdal

Det er også spor etter buplassar i området, som viser at det har vore busetnads- og aktivitetsområde her også før gardsdanninga. I området finst gravhaugar og spor etter busetnad, både som lausfunn og som busetjings- og aktivitetsområde ved naturlege hellarar. Dette er nærare omtala nedanfor.

³ Tysvær Gard og ætt 4. (Tysvær bygdebok)



Automatisk freda kulturminne i område 2

Område 2 omfattar det sentrale området i Dalbygda, jf. kart ovanfor.

Løyninghaugane gnr.115 ,bnr.1 Id: 24911

Vernestatus: Automatisk freda.

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av lokale gravhaugar.

Datering: frå jernalderen.

Beskrivelse (RA): Feltet består av 4 rundrøysar og 1 åkerrein. 2 av røysene er klart markert i terrenget. 1 av dei andre røysene er delvis overpløgd, og noko stein er gjennom tidene fjerna frå røysene.

Nærleik til tiltaket: Haugane ligg inntil eksisterande veg. Framtidig vegtrasé (vegutviding) kan koma til å berøra kulturminnet.

Verdi: MIDDELS TIL HØG VERDI



Litlaskog gnr.117 ,bnr.1 Id: 54557

Vernestatus: Automatisk freda.

Beskrivelse (RA): Arkeologisk minne i form av ein lokal gravhaug.



Rundrøys. Klart markert og godt synlig. Litt stein fjernet fra V-siden. Ser ellers urørt ut. . Graskledd med noen fåbjørketrær i N-kant. Fjell stikker i dagen i ØSØ og SSV.

Datering: frå jernalderen.

Nærleik til tiltaket: Haugen ligg nær tunet på Litlaskog, like nord for eit uthus på garden. Haugen ligg ca 100m frå framtidig vegtrasé.

Verdi: MIDDELS TIL HØG VERDI



Mehus (N) gnr.119 ,bnr.1 Id: 15137


Vernestatus: Automatisk freda.

Beskrivelse (RA): Arkeologisk minne i form av ein lokal gravhaug: Rundrøys, uklart markert. Masse trolig fjernet herfra. En del lauvtrær på haugen, ellers graskledd med en del stein i dagen. Det er kultiverte slåttebakkar rundt og inntil røysa.

Datering: frå jernalderen.

Nærleik til tiltaket: Ligg ca 70m frå tenkt vegtrasé til vindmølleparken.

Verdi: MIDDELS VERDI



Ikdal gnr.115 ,bnr.1 Id: 44799

Vernestatus: Automatisk freda.


Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av ein lokal gravhaug. Rundrøys. Klart markert, men mindre godt synlig. Bare SV-halvdel

bevart. I NØ mer eller mindre fjernet. Mye stein i dagen. Ellers graskledd.

Datering: frå jernalderen.

Nærleik til tiltaket: Ligg i skrånande terreng SØ for eksisterande veg, ca 110m frå tenkt vegtrasé til møllene.

Verdi: MIDDELS VERDI



Mehus (S) gnr.115 ,bnr.1 Id: 5769

Vernestatus: Automatisk freda.

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av ein lokal gravhaug. Rundrøys. Markert, men mindre godt synlig. Ligg ca 205m frå tenkt vegtrasé.

Datering: frå jernalderen.

Nærleik til tiltaket:

Verdi: MIDDELS VERDI



Andre arkeologiske kulturminne – ikkje automatisk freda.

Arkeologisk minne

Innanfor tiltaksområdet er det registrert lokalitetar som ikkje er automatisk freda. I riksantikvarens database er det registrert følgjande kulturminne med vernestatus uavklart:

Munkhus gnr.116, bnr.1 **Id:** 34768

Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av ein registrert funnstad. Funnlokalitet for bryne og slipestein.

Datering: frå jernalder/ middelalder.

Nærleik til tiltaket: Lokaliteten vert ikkje direkte påverka av tiltak. Senter av funnområde ligg ca 200m frå planlagt vegtrasé.

Verdi: MIDDELS TIL LÅG VERDI



Finnshus gnr.118, bnr.4 og gnr.118, bnr.2 **Id:** 34769

Avgrensningsklasse: 1.

Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av ein registrert funnstad

med løsfunn. Funnlokalitet for bryner og spydspiss

Datering: frå jernalder/ middelalder.

Nærleik til tiltaket: Lokaliteten ligg nær inntil eksisterande veg, og vert påverka av tiltaket.

Verdi: MIDDELS TIL LÅG VERDI



Tørshammaren gnr.116 ,bnr.2 og gnr.116, bnr.3 **Id:** 60820

Vernestatus: Uavklart

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av tidlegare bustad. : Heller. Danna av overhengende berg. I åpningen ligg ein del store steiner, som danner ein slags mur. Golvet delvis dekkja med stein, men enkelte steinfrie stadar. L. ca 10 m, djupne ca 3 m, h i dråpefallet ca 5 m. Minne ikkje direkte påverka av tiltaket. Ligg sørvendt i forhold til tiltaket ca.350-400m frå tenkt vegtrasse.

Datering: Uviss tid.

Nærleik til tiltaket: Hellenen ligg utanfor tiltaksområdet, ca 500 m nord for tunet på Litlaskog. Frå helleren er det utsyn over Dalbygda, og veganlegget i samband med tiltaket vil vera godt synleg herifrå.

Verdi: MIDDELS VERDI



Håland gnr.120 ,bnr.1 **Id:** 5770

Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Heller . Bosetnings - aktivitetsområde

Datering:


Nærleik til tiltaket: Ligg ca. 500 m frå tenkt vegtrasé.

Verdi: MIDDELS VERDI



Bygningar (SEFRAK- registrert)

Det er ingen Sefrak-registrerte bygningar i klasse A eller B som ligg i tiltaket sin vegtrase. Utanfor tiltaksområdet er det fleire Sefrak-registrerte bygningar av verneklasse A, B og C. Bygningar som ligg unanfor synsfeltet for tiltaksområdet er ikkje medteke i oversikta.



Figur 10 Registrerte SEFRAK bygg innanfor Dalbygd. Kjelde: Arealisdata på nett (<http://geo.ngu.no>)

Lilleskog gnr.117 ,bnr.1 Sefrak Id: 11460302004

Verneklasse: C.

Opprinnelig funksjon: Kårhus, bustadhus for generasjonsfamilie

Datering: 1800-talet.

Status: Tatt i bruk.

Beskrivelse: Horizontal kledning av treverk, alu bølgeplater på tak.

Nærleik til tiltaket: Ligg innanfor tiltaksområdet, ca .. m frå antatt vegtrase.



Østenstad, «Østenstad» gnr.121 ,bnr.1 Sefrak Id: 114630219

Verneklasse: A.

Opprinnelig funksjon: Før: Hus for grovere Koking, slakting, baking, vask mv. No: ingen konkret funksjon

Datering: 1800-1899.

Status: Tatt i bruk.

Beskrivelse: Mur av naturstein fuget eller tørr. Ingen kledning utenpå konstruksjon. Trekledning i sør vegg. Saltak med Krum tegl takstein, uglassert.

Nærleik til tiltaket: Ligg utanfor tiltaksområdet – og har nærast ingen visuell kontakt mot tiltaket.



Ikdal gnr.117 ,bnr.1 Sefrak Id: 11463025

Verneklasse: B.

Opprinnelig funksjon: Våningshus: Før: Bolighus for eigar. No: Hytte, sommerhus



Datering: 1800-1899.

Status: Tatt i bruk.

Beskrivelse: Vertikal trepanel kledning: høvlet/pløyd med eller utan kantprofil. Vanlig saltak med krum tegl takstein, uglasert.

Nærleik til tiltaket: Ligg utanfor tiltaksområdet, ca 250 m frå eksisterande veg og antatt vegtrase. Ligg i synsfeltet for nokre av vindmøllene.



Ikdal gnr.117 ,bnr.1 Sefrak Id: 11463026

Verneklasse: C.

Opprinnelig funksjon: Uthus. Før:Hus for fleire dyreslag, redskaper oa. under eit tak No: lagring av brensel

Datering: 1800-1899.

Status: Tatt i bruk.

Beskrivelse: Inngår i miljø saman med ovannemnde bygning (id.11463026) Horisontal kledning (supanel)på reisverk. Vanlig saltak med krum tegl takstein, uglassert.

Nærleik til tiltaket: Ligg utanfor tiltaksområdet, ca 250 m frå eksisterande veg og antatt vegtrase. Ligg i synsfeltet for nokre av vindmøllene.



Samla verdivurdering av bygningsmiljøet i område 1

Ein av dei Sefrak-registrerte bygningar ligg innanfor tiltaksområdet, dette har verneklasse C. Dei fleste av dei nemnde Sefrak-registrerte bygningar ligg i verneklasse B og C, og har dermed begrensa eigenverdi. Området inneheld bygningar av begrensa kultuhistorisk / arkitektonisk betydning. Samla sett representerer desse bygga lite av heilskapelege bygningsmiljø. Bygningar som ligg heilt utanfor synsfeltet for tiltaksområdet er ikkje medteke i oversikta.

Verdi: MIDDELS TIL LITEN VERDI

Kulturlandskap

Området for ny veg fram til vindmølleområdet vil gå gjennom kulturlandskapet på gardane Litlaskog og Finnshus.

Jordsmonnet består av morene med varierende tjukkelse. I dalbotnen gir tjukk morene godt grunnlag for oppdyrking. Typisk trekk i kulturlandskapet er den



Litlaskog.

flate

dalbotnen

med fulldyrka mark. Elva som buktar seg gjennom slettelandet, følgjer dels naturleg løp, dels er elveløpet blitt leia ved murar og oppbygningar.

I dalsidene er morenelaget tynnare, og her er stort innslag av blokker og stor stein. Dalsida er delvis oppdyrka, delvis rydda og nytta til beite.

I området ovanfor tunet på Litlaskog finst også ein gamal brønn, som tidlegare har tent som vassforsyning for



garden.⁴ Det er få synlege spor etter brønnen på overflata.

I samband med garsdrifta finst det også enkelte steingardar, rydningsrøyser og enkelte stader restar etter terrengmurar . I planlagt vegtrase er det ikkje registrert tydelege steingardar eller murar som er verneverdige, men ein tek atterhald om at det kan vera slike kulturminne i området, utanfor området som er synfare.

På Finnshus har det i forbindelse med byggearbeid og lokal kraftverk-utbygging blitt utført anleggsarbeid, som har påverka terrenget. Det er og foretatt grøftingsarbeid på Litlaskog og Finnshus. Dette har medført at topografien i området er blitt noko endra, men hovudsakleg framstår kulturlandskapet som lite påverka av 'moderne' aktivitet.

Samla verddivurdering av kulturlandskapet innanfor tiltaksområdet:

Samla sett kan kulturlandskapet i området reknast som vanleg, med noko endra topografi.

I forhold til kulturminne og kulturmiljø vert kulturlandskapet innanfor tiltaksgrensa vurdert til å ha

Verdi: LITEN TIL MIDDELS VERDI

Potensiale for funn i område 2

Marin grense i denne del av Rogaland ligg om lag 40-60 m over dagens havnivå. Ein kan difor ikkje forventa å finna spor av dei første busetjingar under dette nivået. Dei fleste *faste* arkeologiske kulturminna (gravrøyser og lausfunn) som er registrerte i Dalbygda ligg i eit område 50-60 m.o.h. Dei fleste av desse funna er datert til jernalderen. Det er å anta at strandlinja i si tid kan ha gått inn på flaten i Dalbygda (30-40moh), men i jernalderen, etter årtusen med landheving var dette området tørt land.

Det er eit visst potensiale for funn av andre fornminne i området. Ein antar at særleg i skråninga opp frå elvesletta, mellom kote 40 til 60 moh, kan det finnast automatisk freda kulturminne som ikkje er avdekka. Her er og har vore beitemark, som berre i mindre grad har vore omrørt tidlegare, og lausfunn kan liggja under bakken. Det er imidlertid ingen kjente indikasjonar på at det skal finnast fleire gravhaugar eller større arkeologiske fornminne i området.

4.4. Kulturminne innanfor område3

Området kring Skjoldastraumen

Området i og rundt Skjoldastraumen har frå jernalderen vore eit religiøst og strategisk samlingspunkt. På **Erland** finns det fleire fornminne som til saman understreker området si tilknytning til religiøse handlingar. Her finn ein eit sjeldent bautastein-anlegg med 7 steinar ordna i ei slags plogform. Denne er truleg frå eldre steinalder (frå 500 f.kr. til 500 e.kr.)

Ikkje langt unna finn ein **Freiåsen**, namnet knyter ein gjerne til fruktbarheitsgudinna Frøy. Denne



Figur 13 Frå Freiåsen med steinen 'Bjolandskjerringa'

⁴ Oppl. frå grunneigar.

markerte formasjonen i landskapet vert også hevda av somme, å ha vore ei bygdeborg der folket kan ha forskansa seg med eit forsvarsverk imot fiendar.


Frå Freiåsen har ein framifrå utsikt sørover ut Skjoldastraums-fjorden mot **Borgøy** og nordover mot **Skjold, Isvik og Haraldseidvåg**. Av dette er det nærliggjande å sjå konturane av eit samanhengande kommunikasjons- og kontrollsystem ved ei strategisk viktig ferdselsåre som Skjoldastraumen truleg har vore.

Ein kan anta at eidet imellom Haraldseidvåg og Isvik i forhistorisk tid vart bruka til eit drageid for båtar som ville unngå den værutsette Strekinga over Sletta. Soga fortel at Harald Hårfagre i ein kampsituasjon drog båtane sine over frå Haraldseidvågen til Båtavik vest for Isvik.

Dei mange gravminna langs fjorden og det ein veit om eldre eigedomsstruktur styrkjer også Skjoldastraumen-området si viktighet som eit samlingspunkt i landskapet.⁵

Nyare tids bruk av Skjoldastraumen gjorde til at behovet for utbetring og letta ferdsel her pressa seg fram. På grunn av flo og fjære vert her sterk straum som gjer det vanskeleg å passera for sjøfarande. I første hand gjorde ein utbetringar på sjølvne kanalen med fjerning av hindrande steinar og utbetring av sjølvne kanalløpet. Dette arbeidet gjorde dessverre ikkje forholda så mykje betre for større båtar. Det var fyrst i 1895 at det vart lagt fram planar om anlegging av ein 460m lang kanal med kammersluse og portar for låg- og høgvatn i gjennom eidet ved Straumsholmen. Dette anlegget stod klar i 1908 og la til rette nye kommunikasjonsårer, blant anna ferdselen mellom Skjoldafjorden og Stavanger og Haugesund.

Etter kvart som bilen kom inn i kvardagsbiletet på 20-talet, melde behovet seg for betre kommunikasjon mellom vest og aust over Skjoldastraumen. Køyrety vart frakta med ferje over straumen i den tida. Dermed kom det i 1932 bru over straumen og ei svingbru over slusene. Dette vart komplettert med ein ny generasjon bru-system i 1987 (heil bru og



Figur 14 Kartet viser alle registrerte kulturminne i område 3

⁵ Utdrag frå Tysvær Kommune/kulturminne /Bautasteinane på Erland.

vippebru)⁶

Slusa er den einaste saltvassslusa som framleis er i aktiv bruk i Noreg.

Registrerte kulturminne i område 3

Kulturminne i område 3 gjeld i hovudsak dei viktigaste kulturminner ved Skjoldastraumen og på vestsida av Skjoldastraumen i avstand inntil 4 km frå vindmølleområdet. Både automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne er medteke. Funnstader for lausfunn og kulturminne som er fjerna eller ikkje syner igjen i terrenget, er ikkje teke med her. Under 'Nærleik til tiltaket' er avstand til vindmølleområdet angitt.

Ein har valt å dele desse kulturminna opp i tre kategoriar:

- A) Større kulturmiljø ved Erland
- B) Kulturminna langs med sjøkanten (gravrøyser og nyare kulturminne)

3A) Større kulturmiljø ved Erland

Kringleåsen gnr.90, bnr.1 Id: 24907


Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av eit rydningsrøysfelt. Feltet består av 1 hustuft og 20-30 rydningsrøyser.

Datering: frå jernalderen/etterreformatorisk tid.

Nærleik til tiltaket: Ca 3 km frå vindmølleområdet.

Ingen visuell kontakt med tiltaket pga terrengformer.



Freiåsen gnr.90, bnr.1 Id: 15134


Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Arkeologisk minne i form av ein markant naturleg terrengformasjon. Toppplatået er nokså jevnt og flatt, bare svakt

skrånende mot kantene. Midt på platået myrsøkk med vatnhol. I NØ-kant står en stor flyttblokk, h. ca 4,5 m. Den kalles Bjolandskjerringå. Freiåsen er av H. E. Lund oppfattet som bygdeborg.

Datering: Tradisjonslokalitet – ingend

Nærleik til tiltaket: 2.8 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.




Leabakken gnr, bnr.:89/4, 89/10, 89/11 Id: 34762

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Busetnad/aktivitetsområde Heller. Dannet under fjell. Åpning mot Ø. Golvet er trekantformet med spissen innover. Det består av jord og noen få steiner. Det er horisontalt og jevnt. Hellingen virker tørr, og gir godt ly. Kalles Båshidleren. Br. i åpningen ca 6 m, dybde ca 6 m, h. i dråpefallet ca 3 m, h. inderst 1,8 m.

Datering: Eldre jernalder



⁶ Utdrag frå Tysvær Kommune-kulturminne-Slusene i Skjoldastraumen.

Nærleik til tiltaket: 2.6 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.


Smalatreet gnr ,bnr.:89/4, 89/10, 89/11 **Id:** 15132

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Steinsetjing. Fornminnet består av i alt 7 helleformete bautasteiner. Samtlige stein er helleformete med breidsiden orientert Ø-V. De er til dels overgrodd med lav og litt mose.

Datering: Jernalder

Nærleik til tiltaket: 2.8 km frå vindmølleområdet. Ingen visuell kontakt med vindmøllene, pga bergformasjon i aust.



Smedjehaugen gnr ,bnr.:89/3 **Id:** 44793

Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Gravminne. Ifg. H.E.Lund skal det ha ligget en røys like uten- for våningshuset. Den ble kalt Smedjehaugen.

Datering: Jernalder

Nærleik til tiltaket: 2.8 km frå vindmølleområdet. Liten visuell kontakt med vindmøllene, pga terrengformer og vegetasjon.

Stokkholm gnr ,bnr.:89/3 **Id:** 60813

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Feltet består av minst 5 rundrøysar og 1 langrøys. Alle er vekslende markert. Tett skogen gjer at dei er lite synlege. Delvis torv-og graskledd med lauvtrær og synlege steinar.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.7 km NV for vindmølleområdet. Liten visuell kontakt med vindmøllene pga terrengformasjon.



Erland gnr ,bnr.:89/3 **Id:** 66117

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Avlang steinlegning. Uklart markert og lite synleg. Delvis torv-og graskledd med nokre bjørk og raun. Ein del stein syner.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.5- 3 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.

Samla verdivurdering av område 3a

Kulturminna langs Skjoldastraumen består av gravhaugar frå bronsealderen og jernalderen, og restar etter buplassar. Høgare oppe i landskapet finn ein kulturmiljøet på Erland, som består av fleire godt bevarte og autentiske kulturminne. Til saman utgjer desse eit verdfullt kulturmiljø med høg informasjonsverdi om kulturhistoria i området. Området er skilta og har tavle med informasjon om kulturminna.

Verdi: HØG VERDI

3B) Kulturminna langs med sjøkanten (gravrøyser/ funnstadar og nyare tids kulturminne)

Valen gnr/bnr.: 90/2 **Id:** 66118

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Langrøys. Klart markert og godt synlig.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 3.2 km nord for vindmølleområdet. Noko visuell kontakt med vindmøllene, men utanfor synslinja mot sjøen og fjorden.



Bjoland gnr/bnr.: 90/1 **Id:** 5765

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Rundrøys. Klart markert og lite synlig.

Delvis gras- kledd med en del synlige steiner, derav noen forholdsvis store.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.2 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.



Bjoland gnr/bnr.: 90/1 **Id:** 55133

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Lengst i V: 1) Rundrøys. Klart markert og godt synlig. Mose- og graskledd med et par bjørk, i midten ei eik.

Mange større og mindre steiner syner. Ca 22 m Ø for 1: 2)

Rundrøys. Uklart markert og lite synlig. Mosekledd med noen eik og bjørk.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.2 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.



Bjoland gnr/bnr.: 90/1 **Id:** 34763

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravminne. Rundrøys. Uklart markert mot Ø, ellers klart. Lite synlig. Mose- og graskledd med mye synlig stein.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.2 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.



Skoglund gnr/bnr.: 89/6 **Id:** 120385

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Busetning. Synlig over bakken. Austvendt terreng.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.2 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.



Gaupås gnr/bnr.: 89/6 **Id:** 44792

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: gravfelt. Lengst i NØ: 1) Rundrøys. Klart markert, men lite synleg p.g.a. trær. Bygd av større og mindre steinar som er noko mosegrodde, men for det meste ligg udekka.



Datering: Jernalder

Nærleik til tiltaket: 2 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.

Straum gnr/bnr.: 86/97 **Id:** 54551

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravfelt. Lengst i NV: 1) Rundrøys. Uklart markert. Røysa er sterkt omrotet og derfor vanskelig å avgrense. I midten fot av høyspentmast. Her mye stein i dagen, hvorav en del mineflis.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.5- 3 km frå vindmølleområdet. Visuell kontakt med vindmøllene.



Straum (Skjeljavika) gnr/bnr.: 86/28 **Id:** 35224

Vernestatus: Automatisk fredet.

Beskrivelse: Gravfelt. Langrøys. Orientert N-S. Godt markert, men lite synlig.

Datering: Jernalder.

Nærleik til tiltaket: 2.7 km frå vindmølleområdet. Liten visuell kontakt med vindmøllene.



Samla vurdering

Kulturminna langs Skjoldastraumen består av gravhaugar frå bronsealderen og jernalderen, og restar etter buplassar.

Verdi: MIDDELS TIL HØG VERDI

Nyare tids kulturminner

Slusene gnr/bnr.: 86/4, 86/34, 86/95, 86/85, 86/24 m fl.

Avgrensningsklasse: 3C.

Vernestatus: Uavklart.

Beskrivelse: Norges einaste saltvatn-sluseanlegg som framleis er i drift. Eit særeige miljø som inneheld originale sluseportar med opprinneleg vendebru.

Datering: 1900.

Nærleik til tiltaket: Ca. 2 km frå vindmølleområdet. Ingen visuell kontakt med vindmøllene, pga terrengformene.


Arealet som omgir slusene er prega av eit noko uryddig bygningsmiljø. Men slusene utgjer eit enhetlig miljø som er representativ for ein tidsepoke. Området inneheld anlegg med kulturhistorisk betydning.

Verdi: MIDDELS TIL HØG VERDI



4.5. Verdivurdering

Dei vurderingane somer gjort ovanfor når det gjeld verdivurdering av dei ulike områda, er grovt sett samanstillt i eit verdikart (nedanfor).



Figur 15 Verdikart

5. KONSEKVENSVURDERINGAR

5.1. Vurdering av omfang

Generelt om tiltaket sin verknad på kulturminne og kulturmiljø

Omfangsvurderingane er eit uttrykk for kor store negative eller positive endringar det aktuelle tiltaket vil medføra for det enkelte området. Omfanget vurderast i høve til no-situasjonen (alt. 0).

Generelt kan tiltak verke inn på kulturminne og kulturmiljø på to ulike måtar:

- Direkte påverknad kan skje i form av:

Skade, fjerning, øydelegging og tildekking av kulturminne. Dessuten kan kulturmiljø bli skada ved fragmentering. Slike moglege konsekvensar vil ofte vere knytta opp til anleggsfasen.

- Indirekte påverknad kan skje ved at:

Kulturminne og kulturmiljø vert liggjande i eit område som visuelt er fjernt fra det miljøet som eksisterte på den tida kulturminnet eller kulturmiljøet vart etablert.

Då kulturminna i si tid vart etablert, var utsyn og innsyn ofte svært viktige lokaliseringfaktorar. Kulturminnevernet er oppteken av at ein i framtida skal ha moglegheit til å forstå og oppleve slike samanhenger. Indirekte kan altså tiltak forårsake skade i høve til viktige vernekriterier som omfattar opplevelser og pedagogikk. I denne sammenheng står autentisitet og sårbarhet sentralt.

Samla vurdering av omfang for kulturminne i område1

Generelt vil tiltaket krevja store terrenginngrep i samband med bygging av vegar og oppstillingsplassar for vindmøllene.

I område 1 (fjellområdet) er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne, og heller ikkje andre kulturminne av høg verdi. Så vidt ein har kjennskap til idag til vil tiltaket imidlertid ikkje medføra at kulturminner / kulturmiljøer i dette området vil bli skada. Tiltaket vil heller ikkje svekka den historiske samanhengen mellom kulturmiljø og deira omgivelser, eller redusera historiske strukturar i området. Ein tek atterhald om at det ikkje finst kulturminne i området som ein i dag ikkje har oversikt over.

Omfang:

Tiltaket må difor i dette området reknast å vera omfattande, men i høve til kjende kulturminne vil tiltaket ha LITE OMFANG.

Samla vurdering av omfang for kulturminne i område 2

Tiltaket i dette området vil i hovudsak bestå av ny tilførselsveg til vindmølleparken. Av hensyn til at ein må komme fram med større utstyr og materiell til den planlagde vindmølleparken, må ein byggja breiare veg med ein standard som takler slik bruk. Planen er difor å breiddeutvide den eksisterande vegen frå krysset ved rv513 og innover til Litlaskog og Finnshus. Herfrå vert det naudsynt å etablera ny vegtrasé over deler av Litlaskog og Finnshusgarden og vidare i ei sløyfe opp mot det øvre platået.

I område 2 er det fleire registrerte kulturminne, derav nokre gravhaugar frå jernalderen. Av desse kulturminna er det kun 2 lokalitetar som vert direkte berørt, dette gjeld Løyningshaugane (id 24911) og ein funnstad for lausfunn (id34769). Desse ligg i dag i jordbrukslandskapet og er til ein viss grad blitt påverka av vegframføring og landbruksaktivitet tidlegare, men gravhaugane er framleis eit synleg kulturminne.

Langs ny vegtrasé er det ingen kjende kulturminner. Inngrepa langs framtidig veg går gjennom beitelandskap og utmark fram til grensa for vindmølleområdet. Her vil inngrepet vera nokså omfattande, i høve til noverande terreng. Dette er til dels eit brattlendt terreng, som vil krevja store terrenginngrep. Ny vegtrasé vil endra kulturlandskapet noko, og kan medføra at noko av historikken i landskapet blir borte. Gamle vegfar, rydningsrøyser og steingardar kan bli borte. I dette området er det imidlertid ikkje registrert kulturminne av særleg verdi.

Omfang for kulturminne langs ny vegtrase vert her difor vurdert som LITE TIL MIDDELS NEGATIVT.

Kulturminna som er lokalisert langs eksisterande veg kan bli skada ved utviding av vegen. Omfanget av inngrep kjem an på korleis vegutvidinga vil skje, t.d. kva side av vegen vegutvidinga vil koma, og korleis terrenginngrepa vert gjennomført. Inngrepa langs eksisterande veg er venta å vera små, men utbetring av kurver kan medføra at sideterrenget i større grad blir berørt. Tiltaket vil truleg ikkje endra den historiske lesbarheten til kulturminnet, pga ubetydelege endringar av landformene.

Langs eksisterande veg vil tiltaket ikkje endra på den historiske samanhengen mellom kulturmiljø og deira omgjevnader, ettersom vegføringa ikkje vert vesentleg endra. Viss vegen kjem for nært Løyningshaugane (fornminne id.24911), vil tiltaket til ein viss grad endra eller øydeleggja historiske struktur, ved at ytterkanten eller randsona til kulturminnet vert øydelagt. Som avbøtande tiltak bør vegen her utvidast på motsett side, for å unngå å røra kulturminnet.

Når det gjeld påverknad frå sjølve vindmøllene må dette vurderast i høve til synlighet og korleis vindmøllene påverkar kulturminna visuelt. Nokre av møllene vil vera synlege frå Dalbygda og frå deler av kulturminneområda, og kan frå visse vinklar verka forstyrrande på kulturmiljøet her. Avstanden og nivåforskjellen mellom kulturminneområdet og fjellplatået gjer imidlertid at møllene ikkje vil bli dominerande i høve til dei nære omgjevnadene. Dessutan er kulturlandskap her i stor grad prega av moderne byggverk og installasjonar, som også no 'forstyrrar' det førhistoriske biletet. I denne samanhengen vil ikkje vindmøllene vera spesielt framandarta, eller forstyrra heilskapen.

Føresett at kulturminne langs traseen ikkje vert direkte berørt av tiltaket, vert omfanget for kulturminne langs eksisterande vegtrase vurdert som MIDDELS NEGATIVT.




Samla vurdering av omfang for kulturminne i område 3


Med 'Nærleik til tiltaket' (jf. kap. 6) meiner ein her nærleik til vindmølleområdet, avdi ein anser at vegtilkomsten ikkje vil berøra kulturminnet, pga avstanden. Ny veg inn i området er ikkje vurdert som så omfattande tiltak at kulturminner på andre sida av Skjoldastraumen vert påverka.

Omfang vert vurdert som **LITE TIL INTET NEGATIVT**

5.2. Vurdering av konsekvens

Ved samanstilling av omfang og konsekvens, ser ein det som tenleg å sjå dei ulike kulturminne-områda kvar for seg.

-  Område 1 Tiltaksområde vindmøller Liten verdi og lite negativt omfang gir **Liten/ingen negativ konsekvens**
-  Område 2 Dalbygda Middels verdi og middels negativt omfang gir **Middels negativ konsekvens**
-  Område 3 Erland - Skjoldastraumen Middels til høg verdi og lite/intet negativt omfang gir **Ubetydeleg konsekvens**



Vurderingane er gjort ut frå kjend kunnskap om kulturminne i området, og ved verdsetjing av dei ulike område er hovudvekta lagt på omsynet til automatisk freda kulturminne. Som verdikartet viser, er det store variasjonar innanfor tiltaksområdet når det gjeld verdsetjing i høve til kulturminne. Tiltaket sitt omfang på kulturminne varierer også stort innanfor området. Endeleg val av vegtrase kan difor påverka dei konklusjonane som er gjort.

Ein tek også atterhald om at dersom det vert funne kulturminne i andre deler av tiltaksområdet, kan dette påverka verdsetjinga av området og dermed konsekvensen av tiltaket for kulturminne og kulturmiljø.

5.3. Forslag til avbøtande tiltak

Det vil vera ein klår føremon om utviding av eksisterandevæg kan gjerast på ein måte som ikkje berører kulturminna langs noverande veg. Dette gjeld i særleg grad kulturminna ved Løyningshaugane. Vidare bør det gjerast terrengvurderingar i samband med ny vegtrase slik at kulturlandskapet i området ikkje vert vesentleg endra. Store inngrep i kulturlandskapet kan verka forstyrrande på kulturmiljøet i Dalbygda.

Det er også viktig i prosjekterings- og anleggsfasen å ha fokus på at området kan innehalda kulturminne som enno ikkje er avdekka. Om ein i anleggsperioden oppdagar anlegg som kan ha kulturhistorisk verdi, så har utbyggjar plikt til å varsle kulturminnestyresmaketer for nærare undersøkjing.